

Referat frå rådsmøte 17. februar 2009.

Tilstades: Regionordførar Olav Urbø, Torstein Tveito, Anne-Nora Oma Dahle, Solveig S. Abrahamsen, Olav Tho, Arne Vinje, Bjørn Nome, Hans Bakke, Jan Sebjørnsen, Kristian Torp-Hansen, Ketil Kiland, Jarle Brun Olsen og Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg møtte Frida Sviland frå Telemark fylkeskommune og Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 11/2009 Referat frå rådmøte 13. januar 2009.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 13. januar 2009 vert godkjent utan merknader.

Sak 12/2009 Placement Utvikling AS, prosjektilbod. Tilbakemelding frå kommunane.

Det vart gjeve tilbakemelding frå den enkelte kommune i saken.

Vedtak: På bakgrunn av tilbakemeldingane frå kommunane finn ikkje Vest-Telemarkrådet at det er naturleg å gå vidare med eit mogleg felles tilflyttingsprosjekt som skissert i tilbodet frå Placement Utvikling AS.

Sak 13/2009 Miljøfagleg forum. Brev frå Jon Ingebretsen, leiar av Kviteseid Venstre.

Det låg føre brev frå Jon Ingebretsen, leiar av Kviteseid Venstre, der han stiller spørsmål om det trengst meir miljøfagleg kompetanse i kommunane og oppmodar Vest-Telemarkrådet til å opprette eit miljøfagleg forum i regionen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til den innsatsen som vert gjort på dette området i kvar enkelt kommune, og peikar på moglegheiten desse har til å nytte fagmiljøa i dei andre kommunane. Rådet finn det naturleg at rådmannsutvalet har ei nærare drøfting om mogleg oppretting av eit miljøfagleg forum og at resultatet av drøftingane vert meldt attende.

Sak 14/2009 Vest-Telemark Kraftlag AS. Drøfting av prosedyrer i samband med kommunanes representasjon i styret.

Regionordførar orienterte nærare bakgrunnen for saken. I samband med styrerepresentasjonen er det naturleg å ta omsyn til både kompetanse, kjønnsfordeling og geografi, og det er ynskjeleg å få utarbeidd nærare reglar for dette.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ber Vest-Telemark Kraftlag utarbeide forslag til regelverk i samband med val av styre og kommunanes representasjon i dette. Det er ynskjeleg at det vert oppretta ein valkomité.

Forslag til regelverk vert å handsame i Vest-Telemarkrådet og kvar enkelt kommune for godkjenning. Regelverket bør vera på plass i samband med valet i 2010.

Regionordførar vil ta kontakt med kraftlaget i høve eigarskapsmelding og prinsipp for utbytte.

Sak 15/2009 Samferdselstiltak i strategisk næringsplan. Val av arbeidsgruppe.

I rådsmøte 13. januar 2009 slutta Vest-Telemarkrådet seg til ei skisse til organisering i samband med samferdselstiltak innafor den strategiske næringsplanen i regionen. Det låg såleis føre forslag til samansetnad av ei arbeidsgruppe knytt til Rv 41.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til arbeidsgruppe for Rv 41 med fylgjande medlemmer:

Anne Nora Oma Dahle (leiar), Torstein Tveito, Hans Bakke, Sveinung Seljås, Olav A. Veum, Olav Urbø og Børge Skårdal (sekretær).

Sak 16/2009 Orienteringssaker.Fylkesplanen, handlingsprogram 2009.

Regionkontakt Frida Sviland orienterte kort frå arbeidet med fylkesplanen med tilbakemelding om at innspela frå vår region er teke inn i planen.

Møtet med Telemarksbenken 9. februar.

Regionordførar orienterte kort frå møtet i Vrådal 9. februar.

Ein vil melde attende til KS Telemark at det er trong for meir tid i samband med desse møta. Alternativt kan ein tenke seg eigne møte med Telemarksbenken eller at ein held møta saman med andre regionar i Telemark.

Regjeringas krisepakke.

Ein gjekk ikkje nærare inn på denne saken.

Skjønnsmidlane.

Regionrådsleiar orienterte kort om årets søknad som er i storleik 2 mill. kroner og som inneheld 8 ulike prosjekt/tiltak av varierende storleik.

Forvaltningsreformen.

Proessen omkring overføring av ansvaret for øvrige riksvegar til fylkeskommunane er ikkje ferdig, og spørsmålet om mogleg stamvegstatus for Rv41 er såleis ikkje avklart enno.

Sak 17/2009 Kompetansenettverk Vest-Telemark, prosjektmidlar.

Tor Eivind Erikstein frå Familiekontoret i Øvre Telemark og Synnøve Bratland frå Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark var tilstades og Tor Eivind Erikstein orienterte nærare om bakgrunnen for saken.

Saman med PP-tenesten, Vest-Telemark Barne-, ungdoms- og Familiesenter samt Interkommunal Psykologiteneste ynskjer ein å lage eit prosjekt som går på å skape meir robuste og samordna tenester på fleire forvaltningsnivå og på tvers av kommunegrenser. Prosjektet er retta mot born, unge og familiar i distrikta.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og ser dette som eit godt og viktig initiativ for regionen. Rådet ynskjer vidare dialog i saken og ser gjerne at det vert gjeve orienteringar også i dei enkelte kommunane.

Sak 18/2009 Påbyggingsår, generell studiekompetanse. Drøftings sak.

På bakgrunn av vedtak i rådsmøte 15. desember 2008 var representantar frå Vest-Telemark Vidaregåande skule og Bø Vidaregåande skule invitert til møtet.

Frå Vest-Telemark Vidaregåande skule deltok såleis Torgrim Otterholt og Karl Torstein Hetland medan Bø Vidaregåande skule var representert ved John Helge Bergane.

Representantane orienterte om kva tilbod det i dag er ved dei 2 skulane i høve til generell studiekompetanse.

I Bø har ein allereie tilbod om eit slikt påbyggingsår og skulen ser gjerne at avdelingen i Seljord får eit slikt tilbod under føresetnad at det er nok søkjarar.

Ved Vest-Telemark Vidaregåande skule på Dalen er det eit fleksibelt kurstilbod som gjev generell studiekompetanse i løpet av 2 år.

Det vart vidare opplyst at Telemark fylkeskommune i november 2008 gjorde vedtak om å setje i gang ei 2-årig prøveordning for elevar som går VG2 Helsefagarbeider slik at desse får rett til VG3 påbygging til generell studiekompetanse etter at dei har teke fagbrev.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Sak 19/2009 Arbeidsmarknadstiltak i regi av NAV. Brev frå Fyresdal kommune.

Til denne saken hadde Rådet invitert leiar av NAV Telemark, Terje Tønnessen som dessverre ikkje kunne møte. Elles møtte leiarar frå 4 av dei 5 arbeidsmarknadsbedriftene i regionen.

Rådet fekk informasjon om at dei 4 arbeidsmarknadsbedriftene har innleidd eit nærare samarbeid med tanke på framtidig organisering og samarbeid.

Utgangspunktet for drøftingane var brev frå Fyresdal kommune som tok saken opp på bakgrunn av eit forslag frå NAV om å konvertere arbeidsplassar innan varig tilrettelagt arbeid (VTA) til arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS). Dette vert oppfatta å vera uheldig og vil føre til usikkerhet omkring desse arbeidsplassane i framtida. Ein er redde for at den nye praksisen vil gå ut over dei som verkeleg har behov for desse tilboda.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet finn at det nye opplegget er uakseptabelt og vil ta saken opp i brevs form med NAV sentralt. Kopi vert å sende til Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Telemarksbenken på Stortinget samt NAV Telemark.

Sak 20/2009 NRK Østafjells, samarbeidsrutiner og opplegg for god informasjonsflyt frå vår region.

Tilstades i denne saken var distriktsredaktør Lars H. Alstadsæter frå NRK Østafjells og Børre Karterudseter frå lokalkontoret i Seljord.

Alstadsæter orienterte om NRK Østafjells, korleis dette er bygd opp organisatorisk og kva for verksemd lokalradioen driv i dag.

Han orienterte vidare om kva som styrer prioriteringane til lokalradioen, mellom anna saker der folk kjenner seg att og saker som skaper debatt. Eit godt råd kan vera å ta direkte kontakt med lokalradioen dersom ein ynskjer å få saker på lufta. Bodskapen er kort og godt at NRK Østafjells ynskjer dialog.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 21/2009 Organisering av kollektivtrafikken i Telemark.

I denne saken var fylgjande personar tilstades:

- Runar Stustad frå Buskerud fylkeskommune
- Erling Dahl frå Telemark fylkeskommune
- Bernt Dahle frå Transportbedriftenes landsforening Telemark
- Svein Olav Straand og Torleif Roheim frå Telemark Bilruter AS

Etter ei kort innleiing frå regionrådsleiar orienterte Bernt Dahle om historikken til kollektivselskapa i Telemark og utviklinga innan kjøp av kollektive transporttenester. Dahle viste til at det fram til 2005 hadde vore ein tett og god dialog mellom fylkeskommunen som kjøpar og kollektivselskapa som tilbydarar av desse tenestene.

Frå og med 2006, då Vestviken Kollektivtrafikk kom inn som innkjøpsinstans, var imidlertid viljen til dialog og utveksling av informasjon blitt borte og dermed også moglegheiten til å løyse felles utfordringar.

Erling Dahle gjorde greie for synet til Telemark fylkeskommune og avviste kritikken i høve til dagens innkjøpssystem. Det er fylkestinget som står for organiseringa i høve til innkjøp av kollektive tenester og som legg dei økonomiske rammene. Vestviken Kollektivtrafikk har kontrakt med fylkeskommunen og står for sjølve innkjøpet av tenestene.

Runar Stustad frå Buskerud fylkeskommune orienterte frå arbeidet med organisering av kollektivtrafikken i Buskerud. Hovudføremålet i prosessen har vore å få involvert kommunane i høve til dei ulike områda.

Svein Olav Straand orienterte frå tingingane mellom Vestviken Kollektivtrafikk og Telemark Bilruter og viste til at det så langt ikkje er avklaring i høve til rutetilbodet. Ein må vera budd på mogleg takstauke for å kunne behalde dagens tilbod.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Ein viser til prosessen med organisering av kollektivtrafikken i Buskerud og vil be Telemark fylkeskommune ta initiativ til ein tilsvarende prosess i Telemark, der siktemålet må vera å organisere innkjøpet av kollektive transporttenester på ein måte som sikrar kollektive rutetilbod på dagens nivå og at rutetilboda vert forutsigbare over tid.

På same måte som i Buskerud må siktemålet vera å gje kommunane medverknad i prosessane og påverknad i høve til desse grunnleggande tenestene.

Sak 22/2009 Haukeliekspressen, redusert korrespondanse Odda – Bergen.

Svein Olav Straand og Torleif Roheim frå Telemark Bilruter var tilstades og orienterte om saken.

Bakgrunnen er eit brev av 2. februar 2009 frå NOR-WAY Bussekspress AS, Setesdal Bilruter LL og Telemark Bilruter AS der det vert gjort greie for den uheldige situasjonen som har oppstade for Haukeliekspressen etter at Hordaland fylkeskommune har lagt strekningen Odda – Bergen ut på anbod og dermed ”øydela” ekspressbuss-korrespondansen mot Bergen. Det låg også føre eit brev frå Fylkesutvalet i Telemark fylkeskommune der fylkesordføraren vert beden om å ta initiativ med tanke på at Haukeliekspressen skal få att denne viktige korrespondansen med dei same reisegarantiar frå/til Bergen som tidlegare.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser rutetilbodet til Haukeliekspressen som eit heilskapleg kollektivtilbod mellom aust og vest. Busstilbodet er viktig for busetnaden og arbeidsplassane i kommunane, og dannar grunnstamma i kollektivnettet i regionen.

Vest-Telemarkrådet vil ta saken opp med Hordaland fylkeskommune og be om at alle gode krefter går saman om å finne ei løysing der Haukeliekspressen vert gjenoppretta som gjennomgåande ekspressbuss-samband fram til Bergen.

Sak 23/2009 Ymse.Høgskulen i Telemark, dialogseminar.

Det låg føre invitasjon frå Høgskulen i Telemark der mellom anna kommunane er invitert til å delta i strategi-drøftingar om skulens framtid.

Seminar i Morgedal 23. – 24. april om internasjonalisering.

Arrangørar av seminaret er Telemark fylkeskommune, Norsk Skieventyr og Ski Telemark Lauget, Vest-Telemark Næringsutvikling og Innovasjon Norge.

Innspele frå Solveig S. Abrahamsen om mogleg initiativ frå Vest-Telemark i samband med samhandlingsreformen i regi av Helse- og omsorgsdepartementet.

Vedtak: Rådmannutvalet får i oppdrag å vurdere korleis vår region eventuelt kan kome aktivt med i samband med samhandlingsreformen. Høyringsfrist er sett til medio mars.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes.